

TRÆLVIKEN



Av Knut Raastad, skrivi i 2004

I 1726 fekk sokneprest i Vågå Anders Munch saman med mange gardbrukarar i Nordherad kongeskjøte på plassen Trelvigen for 80 Riksdaler. Ole Rolvsen Trelviken som saman med faren har bygd opp plassen fekk i 1728 bygsel på plassen på si levetid mot årleg avgift 2 Rd. Faren har dermed heitt Rolv og har vel starta i Trælviken ca. 1700. Namnet tilseier at dette godt kan vera ein gammal gard som har liggje øyde og vorte oppattrydda. I 1756 er plassen nemnd som Rolvsenstuen.

Både Trælviken og Grev var eigd av gardbrukarane i Nordherad, men bruka var ikkje ein del av almenninga. Skjøte på nigard Berge i 1765 er på Berge og plassane Grev og Trælviken. I føderådskontrakt på Mo i 1780 held føderådsfolket att at dei skulle ha gardens andel i Grev og Trælviken, dette ville vel seia å få utbetalt del av bygselavgifta. Tosten Håkenstad overtok sokneprest Munchs andel i Grev og Trælviken, og i 1769 vart han dømd til å betale dei andre eigarane 10 års avgifter av plassane. Han hadde truleg hand om bortleie utan å ha delt med dei andre. Andelane i Grev og Trælviken følgde ikkje alltid gardane, dei yngre sønnene Kristoffer og Erik Sande hadde truleg overteke andelen til Sande sjølv om det var broren og familien hans som dreiv garden. Denne andelen vart seld Ole Håkenstad i 1844. Sande var leilendingsbruk som tilhørde presten, men del i Grev og Trælviken tilhørde ikkje garden.

Sonen til Ole Rolvsen overtok og i 1762 er det Rolv Olsen Trælvigen f. ca. 1723 d. 1810 som pantset lausøyre og hus for eit lån på 19 Rd. Soldat Rolv Olsen vart i 1748 gift med Mari Olsdotter d. 1756, dei hadde barna

Ole 1748-1748

Brit f. 1749

Kari f. 1751

Ole f. 1754

Rolv gifta seg opp att i 1759 med ei som heitte Ragnhild Olsdotter f. 1734, dei hadde sønnene

Ole 1761-1803, neste brukar

Lars 1765-1773

Rolv gifta seg tredje gongen i 1775 med med Kari Jonsdotter f. ca. 1738 d. etter 1801, dei hadde barna

Lars f. 1778 (kan ha vore med 2. ektefella). Ivar Kleiven nemner Lars som namnspurd til å gå på skjisso, han gjekk til Garmo og attende medan dei kokte kveldsgrauten i prestgarden. Lars budde i Trælviken i 1801. Lars Rolvsen søkte i 1811 om å bli tilbygsla to løkker som far hans hadde rydda i almenninga under plassen Trælviken, det er uklårt korleis dette gjekk.

Guri f. 1783

Rolv Olsen leverte attende garden til eigarane i 1797 mot føderåd for seg og kona Kari. Ole Rolvsen 1761-1803 overtok bygselen mot å svara det same som faren. Han tok også på seg å betale farens gjeld på 49 Rd. I folketellinga 1801 var Trælviken nemnd som rydningsplass og brukar var Ole Rolvsen som var gift med Bollete Ingebretsdotter f. ca. 1778 d. 1803. Dei hadde barna

Iver 1795-1867, gift 1839 med enkja Anna Hansdotter Pillervigen 1804-1884, Iver var smed og var husmann på Moen (Smedstuen) under prestgarden.

Ingebret f. 1798, det er mogleg dette kan vera han som døydde 1864 og i 1822 vart gift med Marie Elisabeth Larsdotter Øyseie 1796-1873, dei budde på Sætaflaten

Hans 1800-1864, gift 1826 med Anne Johnsdotter Fillingsøløyken 1804-1896, husmann på øvre Sæta.

Ragnhild 1800-1852, på Sæta

Men alt i 1803 var både Ole og Bollette døde, dei drukna 23.10.1803 ("kuldsejlede på Dipper Fjorden" saman med Hans Svendsen og Eli Olsdotter). Eigarane (dei fleste av gardbrukarane i Nordherad) bygsla bort plassen. Den nye brukaren Knut Kristoffersen Storvig tok på seg pleie, føde og underholdelse, klær og kristendomsundervisning for dei fire foreldrelause barna til dei vart 12 år. Årleg leie var 5

R.d. Dette er truleg den Knut Kristoffersen f. ca. 1775 som var gift med Rønnaug Persdotter Nyrnes f. 1778, i 1802 var dei gardbrukarar i Nyrnes. Knut og Rønnaug fekk medan dei var i Trælviken barna

Christopher f. 1805

Ragnhild f. 1810

Jo Nyrnes 1770-1855 gift 1804 med Ymbjør megarde Storvik 1781-1867 overtok Trælviken. Dei var truleg bror og syster til dei som dreiv bruket før dei. Jo og Ymbjør hadde barna

Mari 1804-1880, gift med Sjugurd (Syver) Grev 1807-1882

Kristoffer 1810-1886

Kristoffer overtok etter foreldra, og i 1865 og 1875 er han nemnd som sjølveigar og gardbrukar. Han fekk skjøte frå representantar for Nordherredsmarkens Alminding for 300 Spd i 1854. Kristoffer var ugift, sonen til systera Jo (John) Grev 1830-1907 overtok Trælviken gnr. 99 bnr. 1 i 1887 etter onkelen, skjøte var frå Kristoffer Johnsens arvingar og kjøpesummen kr 1200,-.

Jo Grev var gift med Anne 1852-1937 som var frå Skreppholet. Dei hadde barna

Jon 1889-1976, neste brukar

Mari 1895-1983 gift med Torvald Biløygard, dei leide Trælviken ei tid frå ca. 1955 og også i seinare perioder fram til ca. 1970

Jon overtok og fekk skjøte på Trælviken frå mora i 1913 for kr 2600,- inkludert lausøyre kr 1100,-. Jon var gift med Marit Brun 1888-1945 og dei hadde barna

Jon 1912-1988, neste eigar

Gunhild f. 1914, gift med Jo Vole, i Bøverdalen

Anna f. 1916, gift med Lars Oftedal, ved Haugesund

Kari f. 1919, gift med Erling Herskedal, på Tessanden

Signe f. 1921, gift med Magne Bakke, på Tessanden, dei forpakta ei tid Trælviken

Magne f. 1923, handelsmann i Fåvang, gift med Ingrid Fauchald

Ragnar f. 1927, i militæret, ved Haugesund, gift med Gerd

Horpestad

Knut f. 1930, på Dombås, heimevernskulen, gift med Liv Ulekleiv

Tordis 1932-1988, gift med Sverre Johansen, på Harpefoss

Auksjonsskjøte til Jon Trælviken f. 1912 er frå 1934 og prisen var kr 3955,-. Jon flytte attende til Trælviken på sine eldre dagar, han skifta namn til Tune og seinare Tandberg. I tillegg til Torvald og Mari Biløygard og Magne og Signe Bakke, var Knut Øygarden forpaktar i Trælviken ei tid. Frå ca. 1970 leigde Even Hagen jorda i ca. 30 år framover.

Eigar frå 1990 var Aase Vole Dalen f. 1940, dotter til Gunhild. Nå er det sonen Halvor Dalen f. 1967 som har overteke og busett seg i Trælviken.

Trælviken har seter på nørdre Nistingen.

I 1875 var det i Trælviken 1 hest, 6 kyr, 2 kalvar, 30 sauer og 16 geit, medan det vart sådd ¼ tønne rug, 2 ½ tønner bygg, 3 tønner poteter og litt erter. Gardbrukaren som var ugift hadde både hushaldar, budeie og tenestegut.

*Kjelder: I.Kleiven 1907 (1977): I gamle Daagaa s. 181
J.Kolden 2002: Bygdabok for Lom 2, s. 24
M.Lyng/G.Tank 1801/1923: Beskrivelse usolgte
almenninger .., s. 76, 159
Norsk gardsbruk 1953-1998
Folketellinga 1801, 1865, 1875, 1900
Utskrift kyrkjebøker
Pantereregister/grunnbok
Utskrifter pantebøker/tingbøker
Anna Randen: munnleg fortalt
Erling Sagrusten: munnleg fortalt*